

Laurdag 10. desember blir ein toppdag på Dønhaug. Då blir Kvinnhersmeisterskapet i bryggjing av juleøl avvikla i kjedlaren i regi av Kvinnheringen.

Humlepungen

Bryggjarlag er favorittar også i år, men ein amerikanar kjem til å vera i ei hovudrolle. Det er Robert Smith-Hald frå Pennsylvania, no lærar og busett i Bergen. Han vil både opptre som den trubadur han er - og som ølbryggjingsekspert!

Robert er skikkeleg husvarm etter mange konsertar på Dønhaug. Han var også med under den siste Festidalen. Han har fått mange lovord etter at an kom til Noreg, han har vorte samanlikna både med Bruce Springsteen og Bob Dylan.

Men han er ein nøktern og realistisk kar og sa til uskedalen.no at det ikkje går an å leva av spng og spel. Difor gjekk han lærarskulen.

Repertoaret hans er fengslande for i det oppsummerar han eit heilt liv som starta med oppbrot frå ei spesiell sekt.

På Dønhaug kjem han åleine til å gjera meisterskapen og uppskoka til ei spesiell oppleving.

Av Ola Matti Mathisen